

Bertel O Steen Åsane

Dykkar ref.:

Vår ref.:
23/1040 - 7 / CMS

Dato:
30.10.2023

Svar på tilbud leasing va bilar til heimetenesta

Kommunen syner til motteke tilbud på førespurnad om levering av operasjonell leasingavtale sendt ut den 18.09.2023. Kommunen takkar for dei innkomne tilboda.

Etter at konkurranser er kunngjord, kan det oppstå forhold som gjer det nødvendig å avlysa konkurransen.

Nokre forhold er av ein slik karakter at dei gir oppdragsgivar ein rett, men ikkje nødvendigvis plikt til å avlysa konkurransen. Føresegner om avlysingsrett følgjer av innkjøpsforskrifta, og blir supplerte av retts- og nemndpraksis.

Kommunen kan avlysa konkurransen med omgåande verknad dersom det ligg føre ein «saklig grunn», jf. FOA § 10-4 og § 25-4.

Om det foreligg «saklig grunn» til å avlysa konkurransen, ventar på ei konkret heilskapsvurdering av dei relevante omstenda på tidspunktet for avlysinga. Det skal mellom anna leggjast vekt på tidspunktet for avlysinga, kva omstende som utløyste avlysinga, og kva oppdragsgivar ønskjer å oppnå ved å avlysa. Kommunen viser her til Kofa-sak 2022/373 avsnitt 32, med vidare tilvising til Høgsteretts avgjerd i HR-2019-1801-A Fosen-linja.

Alle tilboda overskrid kommunens budsjett, som er forsvarleg fastsett i forkant av konkurransen. Det foreligg dermed manglande økonomisk dekning for å gjennomføra konkurransen.

Etter ein konkret heilskapsvurdering er det kommunens syn klart at det føreligg «saklig grunn» til å avlysa konkurransen, jf. FOA § 10-4. Grunngevinga er at avlysinga er knytta til kommunens budsjettmessige begresningar samanholdt med dei innkomne tilboda.

Kommunen kan etter dette ikkje sjå anna løysing enn å avlysa konkurransen. Kommunen vurderar det slik at grunngevinga er utfyllande nok til at den er i tråd med regelverket.

Kommunen må etter dette diverre opplysa om at konkurransen må avlysast jf. ovannemnte grunngeving.



Kommunen vil samstundes opplysa om at etter ein intern revisjon av budsjettrammane vil kommunen invitera dei same tilbydarane til ein tilsvarande konkurranse i framtida. Denne vil likevel kunne vere av ei anna ramme.

Ved spørsmål om beslutninga bes det ta kontakt med undertekna eller Alte Vaage.

Med helsing

Christopher Marius Straumøy
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur

Mottakere:

Bertel O Steen Åsane

Eirik

Møller bil Åsane